

**§ 33.<sup>1</sup>** Reklameskilt eller liknande innretning må ikkje<sup>2</sup> utan løyve plasserast ved offentleg veg<sup>3</sup> eller plasserast slik at dei er retta mot vegtrafikken eller er synleg for dei vegfarande. Reklameskilt eller liknande innretning som syner namnet åt ei verksemnd eller kva verksemnd det er, eller som på annan måte reklamerer for verksemda, kan likevel plasserast på bygningane åt verksemda utan løyve. Finn vegstyremakta<sup>4</sup> at eit slikt reklameskilt eller liknande innretning er trafikkfarleg, kan ho gi påbod om å fjerne dette etter regelen i fjerde ledd.

Løyve kan gjevast inntil vidare eller for ei avgrensa tid dersom vegstyremakta<sup>4</sup> finn at reklameskiltet eller innretninga ikkje vil vere trafikkfarleg. Som trafikkfarleg reklame reknar ein innretning som kan takast for trafikksignal, vegskilt eller vegmerking, eller hindre den frie sikta langs vegen, eller som kan trekkje dei vegfarande si merksemnd vekk frå vegen eller trafikken.

Med sikte på å unngå fare for dei vegfarande, kan departementet<sup>5</sup> sette forbod mot visse slag reklameskilt<sup>6</sup> og liknande innretningar og mot å sette slike skilt og innretningar på visse stader eller ved visse vegstrekningar.

Blir reklameskilt eller liknande innretning plassert i strid med det som er fastsett i eller med heimel i denne lova, eller blir reklameskiltet eller innretninga endra slik at desse blir i strid med lova, kan vegstyremakta<sup>4</sup> straks syte for at dei blir tekne bort, flytta eller endra. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syter for å ta bort, flytte eller endre reklameskiltet eller innretninga innan ein fastsett frist. Dersom vegstyremakta<sup>4</sup> finn det naudsynt av omsyn til trafikktryggleiken, kan førehandsvarsel etter forvalningslova<sup>7</sup> unnlataast. Varsel som gjeld mange einskilde partar kan kunngjeraast i eit blad som blir vanleg lese på staden.

Avgjerd etter første, andre og fjerde ledd blir teken av regionvegkontoret<sup>8</sup> for riksvegar og fylkesvegar, og av kommunen for kommunale vegar.

<sup>1</sup> Endra med lov 17 des 1993 nr. 129, 1 mars 1996 nr. 11 (i kraft 1 april 1996), 21 juni 2002 nr. 39 (i kraft 1 juli 2002, etter res. 21 juni 2002 nr. 576) - Sjå § 30a siste ledd.

<sup>2</sup> Sjå §§ 35, 57 og 61.

<sup>3</sup> Sjå § 1.

<sup>4</sup> Sjå § 9. Sjå res. 15 des 1972 om fullmakt for Samferdselsdepartementet.

<sup>5</sup> Samferdselsdepartementet.

<sup>6</sup> Forskrift om forbod mot variabel reklame langs offentleg veg fastsett av Vegdirektoratet 23 mai 1990 nr. 380 (i kraft 23 mai 1990).

<sup>7</sup> Lov 10 feb 1967.

<sup>8</sup> Sjå § 10